

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Skei Hotell i Jølster  
**Dato:** 02.12.2013  
**Tidspunkt:** 14:00-18:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon
Ivar Kvalen	LEIAR
Eline Orheim	MEDL
Karen Marie Hjelmeseter	MEDL
Gunnvor A. Sunde	MEDL
Oddmund Klakegg	MEDL
Einar Målsnes	MEDL

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon
Sven Flo	NESTLEIAR
Olve Grotle	MEDLEM

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for
Marie-Johanne Folven	Sven Flo

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn, Jostedalsbreen
Maria Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 35/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 36/13	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll Orienteringar		
RS 5/13	Referat frå møte i fagleg rådgjevande utval 2013 - Jostedalsbreen nasjonalpark		2011/3934
RS 6/13	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - vinnar av anbodskonkurranse om kartleggingstenester		2013/4819
ST 37/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - utviding av fagleg rådgjevande utval		2011/3934
ST 38/13	Oppstartsmelding for revideringa av forvaltningsplanen, Jostedalsbreen nasjonalpark		2013/4971
ST 39/13	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - tiltaksplan 2014		2013/4857
ST 40/13	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - høve kring bestillingsdialogen for 2014		2013/5023

## Orienteringar

### Færre ressursar til nasjonalparkane

Det er, i statsbudsjettet, lagt opp til eit signifikant kutt i ressursar til verneområda. Sogn Avis hadde eit tresiders oppslag med styreleiar Ivar Kvalen den 28.nov, og leiar i avisa den 2.des. Styret var einige om å sende eit ope brev til stortingsbenken med framlegg om ein budsjettmerknad, noko som vart gjort. Styret ønskjer også representasjon v/ leiar til møtet i Førde den 31. januar med stortingsbenken for å sette lys på kuttet i nasjonalparkressursane.

### Ikkje sett ut fisk i Jølster likevel

Forvaltar viste til tidlegare styrevedtak om løyve til utsetting av fisk i Trollebottsvatnet i Jølster. Rapport er innkommen frå tiltakshavar og fisken vart ikkje sett ut likevel grunna mangel på utsettingsklar fisk.

### Stien mellom Sunndalen og Skjåk

Breheimen nasjonalparkstyre handsamer saka om remerking av stien mellom Sunndalen og Skjåk (Breheimen si side av stitraseen) på styremøtet sitt den 17. desember. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre får saka på første møte i 2014.

### SNO sin årsrapport

SNO-Jostedalsbreen, Anne Rudsengen, la fram årsrapporten for 2013 og fortalte om det store spennet i aktivitetar som oppsynet har vore involvert i, både i og utanfor nasjonalparken. Rapporten vart delt ut på møtet, men vil også bli lagt ut på heimesida

til styret. To utfyllande rapportar vart også presentert, ein på arbeidet i Kamperhamrane og ein på stien til Flatbrehytta. Styret gav gode tilbakemeldingar på alt arbeidet som har vore utført.

### **Referat frå fagleg rådgjevande utval**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt fagleg rådgjevande utval hadde møte i Stardalen den 19. november, og styret fekk framlagt referatet i si heilskap under styremøtet. Styret tar med heile referatet som innspel til forvaltningsplanprosessen. Styret fekk også presentert heile fråsegnen underskreve av Naturvernforbundet, styret tar fråsegnen til vitande, og ønskjer også å ta det med seg som eit innspel i forvaltningsplanprosessen.

## **ST 35/13 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.12.2013**

#### **Vedtak**

Samrøystes vedteke.

## **ST 36/13 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.12.2013**

#### **Handsaming i møte**

Ivar Kvalen føreslo Marie-Johanne Folven og Karen Marie Hjelmeseter til å underskrive protokollen.

#### **Vedtak**

Marie-Johanne Folven og Karen Marie Hjelmeseter vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet.

Dei stadfestar då pr e-post om dei godkjenner protokollen eller ikkje, og e-postane vert lagra i sakshandsamingssystemet ePhorte. Leiar Ivar Kvalen må også skrive under.

Samrøystes vedteke.

## **RS 5/13 Referat frå møte i fagleg rådgjevande utval 2013 - Jostedalsbreen nasjonalpark**

## **RS 6/13 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - vinnar av anbodskonkurranse om kartleggingstenester**

## **ST 37/13 Jostedalsbreen nasjonalpark - utviding av fagleg rådgjevande utval**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.12.2013**

#### **Handsaming i møte**

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre utvider sitt fagleg rådgjevande utval til å inkludere ein representant frå alle dei tre autoriserte nasjonalparksentra. Fagleg rådgjevande utval vert også utvida til å inkludere ein representant frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sin miljøvernaving.

## **ST 38/13 Oppstartsmelding for revideringa av forvaltningsplanen, Jostedalsbreen nasjonalpark**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.12.2013**

#### **Handsaming i styret**

Eline Orheim foreslo at følgjande setning vert endra frå *Arbeidet med forvaltningsplanen opnar ikkje for ein ny vurdering av verneforskrifta eller grensedraginga av nasjonalparken* til *Arbeidet med forvaltningsplanen opnar ikkje for ein ny vurdering av verneforskrifta.*

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek prosjektplan og oppstartsmelding for revideringa av forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark, og dermed også oppstart av planarbeidet. Prosjektplanen vert sendt kommunar, andre offentlege etatar, grunneigarar, rettshavarar og andre brukargrupper av nasjonalparken.

## **Prosjektplan, revideringa av forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark**

#### *Føremål*

Føremålet med forvaltningsplan er å sikra ein heilskapleg og forutsigeleg forvaltning av verneområdet. Planen skal ha eit perspektiv på minst 10 år. I arbeidet med planen er det viktig med ei brei deltaking frå ulike interesser og brukargrupper. Slik kan vi få fram verneføremålet og bruksverdiar, og på den måten dempa moglege konflikter.

Forvaltningsplan skal vera eit styringsverktøy i arbeidet med å forvalte nasjonalparken og slik også ivareta verneførmålet. Med ein heilskapleg forvaltning kan vi unngå tilfeldige enkeltvedtak som kan vere til ulempe for verneverdiane.

For å få ein heilskapleg arealforvaltning både innanfor og utanfor nasjonalparken, bør det i arbeidet med revidering av planen, vurderast om det er trong for omsynssoner rundt verneområdet (jf. § 11-8, hensynssoner i plan- og bygningslova av 27.06.2008), for å hindra vesentleg forringing av verneverdiane innanfor verneområdet.

Arbeidet med forvaltningsplanen opnar ikkje for ein ny vurdering av verneforskrifta.

Forvaltningsplanen skal:

- Presisere og utdjupe verneforskrifta
- Definere overordna forvaltningsmål og bevaringsmål
- Beskrive tilstanden for naturmiljø, kulturminne og kulturlandskap, og synleggjere trugsmål både innanfor og utanfor vernegrensa
- Omhandle status for og behov frå ulike brukarinteresser (t.d. landbruk, friluftsliv, reiseliv, med fleire)
- Konkretisere ønskja og naudsynte tiltak i nasjonalparken
- Legge til rette for gode rutinar i handsaminga av dispensasjonssakar etter verneforskrifta.

#### *Målgruppe*

Målgruppene er kommunane, ulike offentlege etatar, grunneigarar og rettshavarar, næringsorganisasjonar, interesseorganisasjonar, med fleire.

#### *Kunnskapsgrunnlaget*

Det vert gjennomført ei kunnskapsinnhenting av tema kring kulturminne, næringsaktivitet (landbruks- og turismerelatert næring). Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ønskjer å innarbeide ein besøksstrategi i forvaltningsplanen, og delta i Miljødirektoratet sitt pilotprosjekt. Det er mogeleg at det under planarbeidet vert avdekkja trong for fleire kartleggingar.

#### *Organisering*

Nasjonalparkstyret er styringsgruppe for arbeidet og eigar av planen. Styret vil ha det overordna og formelle ansvaret for både planprosessen og plandokumentet. Det faglege rådgjevande utvalet (FRU) er referansegruppe, og skal ha ein rådgjevande funksjon. Det administrative kontaktutvalet skal kunne sjå til at forvaltningsplanen er i tråd med kommunale- og fylkeskommunale planar, og ha dialog kring kva om skjer i randsona i verneområdet.

Nasjonalparkforvaltaren vil stå for det praktiske skrivearbeidet, samt organisering og gjennomføring av møte. Den overordna målsettinga med prosessen er å sikre ein god dialog og få god flyt av informasjon til alle involverte partar. Nasjonalparkstyret si heimeside er den naturlege kanalen for formidling av informasjon. Media vil bli invitert til oppstartsmøta slik at prosessen vert gjort kjent for flest mogeleg på lokalt plan.

#### **Framdriftsplan:**

<b>Oppgåve</b>	<b>Ansvarleg</b>	<b>Tidspunkt</b>
<b>Vedtak av prosjektplan og oppstartsmelding</b>	Nasjonalparkstyret	2013 Desember
<b>Kunngjering/utsending</b>	Forvaltar	2013 Desember

<b>Oppstartsmøte fagleg rådgjevande utval (FRU)</b>	Forvaltar	2013 November
<b>Oppstartsmøte kommunar og bygder</b>	Forvaltar	2014 Jan/Feb/Mars
<b>Høyringsfrist oppstartsmelding</b>	Forvaltar	2014 – 1.april
<b>Føre pennen, skrive planen</b>	Forvaltar	2014 April - Desember
<b>Fagleg gjennomgang av planutkast</b>	Miljødirektoratet	2015 Januar – Februar
<b>Tilpassingar etter fagleg gjennomgang</b>	Forvaltar/Styret	2015 Mars
<b>Vedtak av framlegg til planutkast</b>	Styret	2015 April
<b>Presentasjon av planutkast til kommunar, FRU, høyringspartar</b>	Forvaltar	2015 April/mai
<b>Høyringsfrist</b>		2015 - 1.september
<b>Handsaming av merknadar og innspel</b>	Forvaltar	2015 September
<b>Vedtak av forvaltningsplan</b>	Styret	2015 Oktober
<b>Godkjenning forvaltningsplan</b>	Miljødirektoratet	2015 Oktober-Desember
<b>Trykking og utsending av planen</b>	Forvaltar	2016 Januar

### *Budsjett*

Annonser i avisene	kr 25 000
Bygdemøte og fagleg rådgjevande utval	kr 30 000
Utsending av planen på høyring	kr 10 000
Trykking av den ferdige planen	kr 15 000
Sum	kr 80 000

## **ST 39/13 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - tiltaksplan 2014**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.12.2013**

#### **Innstilling frå forvaltaren**

Saka vart lagt fram utan innstilling, men med eit utkast til diskusjon.

#### **Handsaming i styret**

Styret fekk framlagt følgjande skjema på styremøtet, etter mal frå Miljødirektoratet. Alle innspel som har vore spela inn til sekretariatet vart tekne med i det framlagde utkastet.

Fleire styremedlemer stilte spørsmål ved om innspelet frå nasjonalparksenteret i Oppstryn skulle vere med i tiltaksplanen til nasjonalparken, og den vart teke ut av den vedtekne tiltaksplanen.

Oddmund Klakegg ba styret om å vurdere hans habilitet før handsaminga av tiltaksplanen fordi han hadde familierelasjonar involvert i tiltaket som gjaldt bruer i Grønengdalen/Haukedalen. Styret konkluderte med at han ikkje var inhabil.

TILTAKSPLAN FOR JOSTEDALSBEEN NASJONALPARK 2014-2017						Sist endret: forslag til styret 01.des.2013				
Verneområdenavn + naturbase-id	Tiltakskategori	Kort beskrivelse av tiltak	Prioritet	Finansiering	Samarbeids-aktører	Hvem gjennomfører tiltaket?	Gjennomføringsperiode (2014-2017)	Intervall (eventuelt)	Kostnads-overslag (kr)	Merknad/kommentar
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000672	Skjøtsel av vegetasjon	Rydder kulturlandskapet på Selflata og nordover ved Sunndalssetra	1	SNO-bestillingsdialog/ Styret	Sunndalssetra grunneigarlag	Sunndalssetra grunneigarlag	2014		15 000	Prøveprosjekt med beitedyr
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000681	Vedlikehold	Vedlikehold av stien (rundtur) frå Sunndalssetra - Tverrelvskaret	2	SNO-bestillingsdialog/ Styret	Sunndalssetra grunneigarlag	Sunndalssetra grunneigarlag			10 000	
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000668	Tilrettelegging	Utbetring av stien over Lundeskaret	3	SNO-bestillingsdialog	Grunneigarar/DNT/SNO/forvaltar/reiseliv	Entreprenør	2014		600 000	Sjå rapport for restaurering av gamle ferdelsveger
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000669	Tilrettelegging	Utbetring av stien over Oldeskaret	4	SNO-bestillingsdialog	Grunneigarar/DNT/SNO/forvaltar/reiseliv	Entreprenør	2014		500 000	Sjå rapport for restaurering av gamle ferdelsveger
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000673	Uttak av fremmede arter	Fjerne gran og opne veiter i Krundalen	5	SNO-bestillingsdialog/ Styret	Grunneigarar/bygdslag/SNO	Grunneigarar/entreprenør/SNO	2014-2015		40 000	Grana spreier seg, og vatningsveitene tettar seg, slik at stien vert flamma med jamne mellomrom.
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000680	Vedlikehold	Istandsetting av bruer i Grønengdalen	6	SNO-bestillingsdialog/ Styret	Gardbrukarar i Haukedalen/ Grønengsdalen	Gardbrukarar i Haukedalen/ Grønengsdalen	2014		60 000	Bruene er naudsynte for å få fram sau til beiteområde, samt vert mykje brukt av turgåarar
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000674	Vedlikehold	Kvannebakkbua	7	Styret/Røde Kors	Jølster Røde Kors	Jølster Røde Kors	2013: kr 27 000 2014: kr 10 000		10 000	Viktig utbetring for å ivareta funksjon som nødbu. Tiltaket er søknadspliktig jf verneforskrifta
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000675	Vedlikehold	Trekanthytta på Steinmannen	8	Styret/Røde Kors	Hafslo Røde Kors	Hafslo Røde Kors	2013: kr 50 000 2014: kr 50 000		50 000	Tiltaket er søknadspliktig jf verneforskrifta
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000678	Vedlikehold	Vøle opp fundament på brukaret på Sjinglebrua	9	SNO-bestillingsdialog/ Styret	Skålastilaget	Skålastilaget	2014		50 000	Fundamentet på brukaret har blitt svekka grunna erosjon
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000670	Informasjon	Parkeringsplass og informasjon ved npsenteret på Fosnes	10	Nasjonalsenteret/SNO/Styret	Jostedalsbreen nasjonalparksenter	Jostedalsbreen nasjonalparksenter	2014		Styret: 675 000 JNPS: 525 000 Bulyst: 150 000 1 350 000+mva	Jostedalsbreen nasjonalparksenter har utarbeida detaljert prosjektskildring med kostnadsoverlag
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000677	Tilrettelegging	To bruer Langedalen, en bru Austerdalen	11	SNO-bestillingsdialog/ Styret	DNT/SNO	Grunneigarar/entreprenør	2014		50 000	Tiltaket er delvis søknadspliktig jf verneforskrifta. DNT-OOT
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000679	Tilrettelegging	Steinsetting av sti ved S-sving 3 på Skålastien	12	SNO-bestillingsdialog/ Styret	Skålastilaget	Skålastilaget	2014		30 000	Forsterke sti og stabilisere lausmasser
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000676	Tilrettelegging	Utbetre stien til Steinmannen	1	SNO-bestillingsdialog	Grunneigarar/SNO/forvaltar/Røde Kors	Entreprenør	2015		300 000	Sjå rapport for restaurering av gamle ferdelsveger

## Vedtak

Tiltaksplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark, slik den ser ut i skjemaet under, vart samrøystes vedteken.

TILTAKSPLAN FOR JOSTEDALSREEN NASJONALPARK 2014-2017					Sist endret: styremøte 02.des.2013					
Verneområdenavn + naturbase-id	Tiltakskategori	Kort beskrivelse av tiltak	Prioritet	Finansiering	Samarbeids-aktører	Hvem gjennomfører tiltaket?	Gjennomføringsperiode (2014-2017)	Intervall (eventuelt)	Kostnads-overslag (kr)	Merknad/kommentar
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000672	Skjøtsel av vegetasjon	Rydde kulturlandskapet på Selflata og nordover ved Sunndalssetra	1	SNO-bestillingsdialog/Styret	Sunndalssetra grunneigarlag	Sunndalssetra grunneigarlag	2014		15 000	Prøveprosjekt med beitedyr
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000681	Vedlikehold	Vedlikehold av stien (rundtur) frå Sunndalssetra - Tverrelvskaret	2	SNO-bestillingsdialog/Styret	Sunndalssetra grunneigarlag	Sunndalssetra grunneigarlag			10 000	
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000688	Tilrettelegging	Utbetring av stien over Lundeskaret	3	SNO-bestillingsdialog	Grunneigarar/DNT/SNO/forvaltar/reiseli v	Entreprenør	2014		600 000	Sjå rapport for restaurering av gamle ferdsselsveger
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000673	Uttak av fremmede arter	Fjerne gran og opne veiter i Krundalen	4	SNO-bestillingsdialog/Styret	Grunneigarar/bygdslag/SNO	Grunneigarar/entreprenør/SNO	2014-2015		40 000	Grana spreier seg, og vatningsveitene tettjar seg, slik at stien vert flauma med jamne mellomrom.
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000680	Vedlikehold	Istandsetting av bruer i Grønengdalen	5	SNO-bestillingsdialog/Styret	Gardbrukarar i Haukedalen/Grønengsdalen	Gardbrukarar i Haukedalen/Grønengsdalen	2014		60 000	Brueene er nautsynte for å få fram sau til beiteområde, samt vert mykje brukt av turgåarar
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000674	Vedlikehold	Kvannebakbu	6	Styret/Røde Kors	Jølster Røde Kors	Jølster Røde Kors	2013: kr 27 000 2014: kr 10 000		10 000	Viktig utbetring for å ivareta funksjon som nødbu. Tiltaket er søknadspiktig jf verneforskrifta
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000675	Vedlikehold	Trekantthytta på Steinmannen	7	Styret/Røde Kors	Hafslo Røde Kors	Hafslo Røde Kors	2013: kr 50 000 2014: kr 50 000		50 000	Tiltaket er søknadspiktig jf verneforskrifta
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000678	Vedlikehold	Vøle opp fundament på brukaret på Sjinglebrua	8	SNO-bestillingsdialog/Styret	Skålastilaget	Skålastilaget	2014		50 000	Fundamentet på brukaret har blitt svekka grunna erosjon
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000670	Tilrettelegging	Utbetring av stien over Oldeskaret	9	SNO-bestillingsdialog	Grunneigarar/DNT/SNO/forvaltar/reiseli v	Entreprenør	2014		500 000	Sjå rapport for restaurering av gamle ferdsselsveger
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000677	Tilrettelegging	To bruer Langedalen, en bru Austerdalen	10	SNO-bestillingsdialog/Styret	DNT/SNO	Grunneigarar/entreprenør	2014		50 000	Tiltaket er delvis søknadspiktig jf verneforskrifta. DNT-OOT
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000679	Tilrettelegging	Steinsetting av sti ved S-sving 3 på Skålastien	11	SNO-bestillingsdialog/Styret	Skålastilaget	Skålastilaget	2014		30 000	Forsterke sti og stabilisere lausmasser
Jostedalsbreen nasjonalpark VV00000676	Tilrettelegging	Utbetre stien til Steinmannen	1	SNO-bestillingsdialog	Grunneigarar/SNO/forvaltar/Røde Kors	Entreprenør	2015		300 000	Sjå rapport for restaurering av gamle ferdsselsveger

## ST 40/13 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - høve kring bestillingsdialogen for 2014

### Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.12.2013

#### Handsaming i møtet

Styret delegerte fullmakt til forvaltar og SNO-Jostedalsbreen for gjennomføring av bestillingsdialogen 2014 fordi informasjonen og instruksjonen frå SNO-sentralt enno ikkje hadde komme til styremøtet den 2. desember.

#### Vedtak

Styret delegerte fullmakt til forvaltar og SNO Jostedalsbreen for gjennomføring av bestillingsdialogen 2014. Utgangspunktet for bestillingsdialogen skal vere tiltaksplanen til nasjonalparkstyret. Dersom rammene for bestillingsdialogen er kraftig endra skal styret likevel handsame saka i telefonmøte.

Samrøystes vedteke.

## **Innstilling frå forvaltaren**

Jostedalbreen nasjonalparkstyre vedtar primært at nasjonalparkforvaltar, i dialog med SNO, får delegert fullmakt til å fylle inn skjema og gjennomføre bestillingsdialogen for 2014. Tiltaksplanen vil ligge til grunn for dei kostnadskrevjande tiltaka.

Sekundært kan Jostedalbreen nasjonalparkstyre eller arbeidsutvalet sette opp eit nytt styremøte i begynninga av januar for å vedta bestillingsdialogen for nasjonalparken.